

Pakkeforløp psykisk
helse og rus

Forløpskoordinator-rolle

Ellinor Kleppenes og Sønnøve Ramsfjell

Pakkeforløp

- ▶ Pakkeforløpa er ein måte å organisere tenestane på, som skal sikre at alle har lik rett til behandling, uavhengig av kor i landet ein bur. Pakkeforløpa skal gje heilskapleg behandling, sikre kontinuitet gjennom heile behandlingssløpet, sørge for samhandling og koordinerte tenester både før, under og etter pakkeforløp i spesialisthelsetenesta.

Fem hovudmål for pakkeforløpa

- ▶ Auke brukarmedverknad og brukarnøgdsemd
- ▶ Samanhengande og koordinerte pasientforløp
- ▶ Unngå unødig ventetid
- ▶ Likeverdige tilbod til pasientar og pårørande uavhengig av kvar i landet dei bur
- ▶ Betre ivaretaking av somatisk helse og gode levevanar

Pakkeforløp

- ▶ Forløpa skal bygge på god praksis, basert på faglege retningslinjer og rettleiarar der det føreligg. Pakkeforløpa skal sikre at pasienten får samanhengande tenester. Bruk av forløpskoordinator og konkrete tiltak for samhandling i forløpa bidreg til samanhengande og individuelt tilpassa utgreiing, behandling og oppfølging.
- ▶ Pakkeforløpa introduserer ingen nye rettigheter og plikter, men bidreg til å setje god praksis i system.
- ▶ I høve samarbeid mellom kommune og spesialisthelsetenesta anbefaler helsedirektoratet at ein går gjennom eksisterande samarbeidsavtalar og tenesteavtalar mellom kommune og spesialisthelsetenesta og endrar desse i tråd med anbefalingane i pakkeforløpa. Likeeins oppmodar ein til at eksisterande felles møtearena framleis vert nytta i arbeidet.

Fleire pakkeforløp

- ▶ Pasientar vil som hovudregel vere i eitt pakkeforløp om gongen, men kan unntaksvis vere i fleire eks. ved psykose. Dersom det er behov for overflytting til anna pakkeforløp og avdeling, vil det verte registrert i Dips arena. (Som er registreringssystemet for pakkeforløpa).
- ▶ Ved samtidig alvorlig psykisk liding og rusmiddelproblematikk skal pasienten inn i pakkeforløp for psykisk helse. Etter utgreiing kan det vere aktuelt med overføring til anna pakkeforløp for behandling og oppfølging i TSB (tverrfagleg spesialisert behandling).
- ▶ Etter ei vurdering om behov for øyeblikkelig hjelp (ØH) skal pasienten få tilbod om pakkeforløp dersom det vert tilrådd behov for vidare utgreiing og behandling i spesialisthelsetenesta. Det er eigne fristar for ØH pasientar.

Samhandling

- ▶ Pasienten skal få tilstrekkeleg informasjon om dei ulike behandlingalternativa og tenestetilboda, slik at han/ho kan ta eit informert val om behandling og oppfølging.
- ▶ Pasienten skal vere med på å utforme eiga tilvising til behandling og lage behandlingsplan saman med behandlar. Undervegs i behandlinga skal det regelmessig vurderast om tilbodet er i tråd med ønskjer og forventningar hjå pasienten.
- ▶ Samhandling mellom spesialisthelsetenesta, kommune, fastlege og andre relevante aktørar er sentral. Samhandlinga skal med pakkeforløpa styrkast både ved tilvising, undervegs og i avsluttinga av forløpa.

Ventetid og likeverdige tilbod

- ▶ Etter sendt tilvising vil pasient og pårørende ha moglegheit til å kontakte forløpskoordinator i spesialisthelsetenesta. Dei vil kunne svare på spørsmål om pakkeforløpa og ha oversikt over avdelingar og kontaktpersonar der.
- ▶ Etter tildelt behandlar har forløpskoordinator ei hjelpar-rolle i høve koding av prosedyrar i pakkeforløpet. Vidare skal ein opprette samarbeid med kommunal forløpskoordinator.
- ▶ Samhandling med kommunal forløpskoordinator vil vere naudsynt i ventetida, for å sikre at pasienten sine rettigheter vert ivareteke også etter avslutta behandling.
- ▶ Pakkeforløpa skal ivareta likeverdige tilbod. Det er auka fokus på dei pårørende som hjelpar og ressurs for pasienten. I tillegg set det krav til kommunane om meir individuelt tilpassa og koordinerte tenester både før, under og etter behandling i spesialisthelsetenesta.

Somatisk helse

- ▶ Helsedirektoratet har etablert ein rettleiar for å auke fokus på somatisk helse for pasientar i pakkeforløp psykisk helse og rus, grunna at denne pasientgruppa har betydeleg lågare forventna levealder samanlikna med resten av befolkninga.
- ▶ Det er ulike årsakar til dette, men dei viktigaste er skadeleg rusbruk, røyking, inaktivitet, dårleg kosthald, søvnproblem, stress, biverknad av legemiddel, manglande diagnostisering og forseinka behandling.
- ▶ Pakkeforløpa har som målsetjing å auke livskvaliteten og levealderen til pasientgruppa. Differensialdiagnostikk, tiltak for psykososialt stress og einsamheit vert ivareteke i det enkelte pakkeforløpet. Det er behov for livsstilsintervensjonar som krev god koordinering og tilstrekkelege tilbod i nærmiljøet, samt pasient og pårørande opplæring. Dette vert oppgåver for kommunal forløpskoordinator.

Helsedirektoratet og Dips Arena

- ▶ Helsedirektoratet.no er hovudsida for informasjon kring pakkeforløpa for psykisk helse og rus. Her finn ein dei ulike pakkeforløpa og lenkjer til anbefalingar og rettleiarar.
- ▶ Eigen rettleiar for tilvisar med liste over informasjonen ein ønskjer skal stå i tilvisinga.
- ▶ Koding føregår i Dips Arena. Kodane vert automatisk registrerte i NPR (Norsk pasientregister) via Arena. I Helse Førde er det bestemt at kvar behandlar skal utføre koding for sine pasientar.

Koordinator-rolle

- ▶ Eit sentralt grep for å sikre god oppfølging og unngå grunnløse avbrot er bruk av forløpskoordinator både i spesialisthelsetenesta og i kommunane.
- ▶ Forløpskoordinator skal vere med å sikre at utgreiing, behandling og oppfølging er individuelt tilpassa og utan meir ventetid enn naudsynt.
- ▶ Samarbeid mellom forløpskoordinator i kommunen og forløpskoordinator i spesialisthelsetenesta vert naudsynt og vil fungere som ei hjelperolle for tilvisar, behandlar og avdelingane i helseføretaket.
- ▶ Kommunalt vil forløpskoordinator sørge for den vidare oppfølginga av pasientane i høve dei rettingheiter og hjelpebehov den enkelte pasient har.

Forløpskoordinator i spesialisthelsetenesta

- ▶ Overordna ansvar for å formidle informasjon om koding, Dips Arena og pakkeforløpa ut til avdelingane.
- ▶ Ha ansvar for å følge opp heile pakkeforløpet og sjå til at koding vert utført. Ha det overordna ansvaret for at pakkeforløpa vert følgt.
- ▶ Gje tilbakemelding om NPR-tal ut til avdelingane, sjå på forbetningsområder på kvart enkelt felt og vere med på å finne gode løysingar for å utbetre desse områda i samarbeid med avdelingsleiarar og klinikkdirektør.

Forløpskoordinator i spesialisthelsetenesta

- ▶ Vere tilgjengeleg for pasient og pårørande, samt involverte instansar fram til pasienten har fått tildelt eigen behandlar i spesialisthelsetenesta. Halde kontakt med avdelingane i samband med informasjonsflyt mellom kommunal forløpskoordinator, pasient og fastlege.
- ▶ Rettleie og gje generell informasjon om pakkeforløpa, ventetider og ha oversikt over behandlingsstader for pasient og pårørande. Vere tilgjengeleg for samarbeid med avdelingane og kommunane.
- ▶ Ha oversikt over kommunale forløpskoordinatorar med naudsynt kontaktinformasjon. Ved behov koordinere samarbeidsmøter. Vere kontaktperson for pasient og avdeling ved overføring til anna institusjon.
- ▶ Etter pasient sitt ønskje koordinere og delta i samarbeidsmøter. Annan kontakt mellom behandlar og kommune går som i dag i den tida pasienten er i poliklinisk eller døgnbehandling.

Kommunal forløpskoordinator

- ▶ Helsedirektoratet har laga ein mal for korleis informasjonen om pakkeforløp og forløpskoordinator skal vere synleg på kommunen sine nettsider.
- ▶ Det er viktig er at pasientar og pårørande enkelt kan finne informasjon om pakkeforløpa og kven som er forløpskoordinator i kommunen. Kommunal forløpskoordinator skal ha ansvar for at pasientar og pårørande får dei tenestene dei har behov for og ynskjer.
- ▶ I samband med pakkeforløpa vert det stilt strengare krav til brukarmedverknad. I samband med tilvisinga frå lege skal pasienten mellom anna gje ei skildring av si oppleving av eigen situasjon.

Kommunal forløpskoordinator

- ▶ Barn eller mindreårige søsken har rett til å få informasjon og naudsynt oppfølging dei har behov for, som følgje av pasientens tilstand. Dette gjeld og samarbeid med andre instansar som skule, barnehage, PPT, med fleire.
- ▶ Det kan vere nyttig å bruke tilvisinga frå lege som eit utgangspunkt for kartlegging av behov og tenester vidare. Kommunal forløpskoordinator si rolle vert å gje informasjon til pasient og pårørande om kven og kvar dei kan henvende seg i høve dei ulike behova.
- ▶ Det er eigne anbefalingar om kartlegging og tiltak for pasientar som har vore utsett for overgrep/vald/traume eller er i auka risiko for å utøve vald eller overgrep. Rettleiarane finn ein på helsedirektoratet.

Utskrivingsfasa

- ▶ I utskrivingsfasa kan behandlar ta kontakt med forløpskoordinator for å sikre at samarbeidet kring pasienten i overføringa tilbake til kommunen vert ivareteke.
- ▶ Forløpskoordinator i kommunen og spesialisthelsetenesta samarbeider om at pasienten sine rettigheter vert ivareteke i høve individuell plan og behov for koordinerte tenester etter behandlinga i spesialisthelsetenesta.

Brukarmedverknad

- ▶ I høve brukarmedverknad er det auka fokus på at pasienten er ekspert på eige liv. Dersom tenestene skal verte betre, må brukarane involverast og forventningane avklarast.
- ▶ Tenestene må ta omsyn til pasienten sine behov, ressursar og kva som er viktig for den enkelte. Målet er at pasienten skal medverke i alle avgjerdsjar om behandling og oppfølging.
- ▶ Pårørande er ofte pasienten si viktigaste støtte og bør sjåast som ein ressurs. Pårørande har erfaring med kva som bidreg til å hjelpe. Enkelte pårørande kan vere i ein særleg utsett posisjon og kan difor ha behov for ekstra støtte og eiga oppfølging.

Arbeidet vidare

- ▶ Arbeidet med pakkeforløpa er nytt for alle. Det vil vere naudsynt med tålmodigheit både i høve forløpskoordinatorane og avdelingane. Kommunane vil også trenge tid til å komme i gang med arbeidet dei skal gjere.

Takk for oss.

Kontaktinformasjon

- ▶ Sønnøve Caroline Ramsfjell
Telefon nummer: 415 30 442
sonnove.caroline.yndestad.ramsfjell@helse-forde.no
- ▶ Ellinor Kleppenes
Telefon nummer: 415 30 437
ellinor.kleppenes@helse-forde.no